



DEN NORSKE KYRKJA

Suldal kyrkjelege fellelsråd

Kulturdepartementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo

Sand, 1. oktober 2014

HØYRINGSUTTALLE VEDR NOU 2014: LIK OG LIKSKAP

Suldal kyrkjelege fellelsråd behandla saka i møte og ønskjer å gi desse kommentarane til prinsippa:

Prinsipp 1

Suldal kyrkjelege fellelsråd er samd i at gravlegging og kremasjon er eit offentleg ansvar og at desse skal vera utan kostnad for dei etterletne.

Prinsipp 2

Suldal kyrkjelege fellelsråd er samd i at gravplasser er allmenne og bør forvaltast felles for alle.

Prinsipp 3.

Det er eit rett prinsipp at gravlegging skjer i respekt for personleg livssyn og i tråd med vedkommande livssynssamfunn. Formuleringa «Gravlegging skal skje med respekt for avdøde» dekkjer dette.

Prinsipp 4

Suldal kyrkjeleg fellelsråd er samd i at gravferdsformene (kistegrav/kremasjon) bør likestillast.

Prinsipp 5

Vi er samde i at eit menneske får ei grav og at gravlegging er ei endeleg handling.

Prinsipp 6

Dette bør vera den vanlege ordninga, men det bør vurderast å vidareføra høvet til å ta vare på ein del gravminne for framtida som er av særskilt historisk interesse.

Suldal kyrkjelege fellelsråd har følgjande synspunkt på hovudforslaga:

1. Kremasjonsavgifta fjernast

Kistegravlegging og kremasjon skal likestillast økonomisk og juridisk som gravferdsform. Det kan ikkje krevjast kremasjonsavgift eller avgift for båretransport. Suldal kyrkjeleg fellelsråd støttar dette forslaget.

Det er vidare forslag om at dei kyrkjelege fellestråda skal overta utgiftene til transport frå seremonirom til krematorium. Dette kan gi urimelege utslag for ein del fellestråd som har lang avstand til krematorium. Suldal kyrkjelege fellestråd vil foreslå at støtta til båretransport blir utbetalt av NAV slik som i dag.

2. Brukarbetaling for utanbygds gravlegging oppheva

Når det ikkje lenger kan tas brukarbetaling for utanbygds gravlegging, kan det føra til at fleire vel gravlegging i ein annan kommune enn bustadkommunen. Dette kan i ein del mindre kommunar med mange hytter føra til at fleire ønskjer gravlegging der dei har hytte. Motsett kan og bli tilfelle at fleire ønskjer gravlegging i sentrale strøk. Dette fører til større press på gravplassane og behov for utviding. Det vil vera vanskelegare for gravplassforvaltninga å berekna behov for graver når det ikkje er knytt til dei som bur i kommunen. Ei betaling for enkeltgravferder mellom fellestråda vil ikkje kompensera for utgifter til utviding gravplasser.

I forslag til forskrifter er det sett faste satsar på gravlegging av kiste, urne og kremasjon. Det bør inn i teksten korleis desse skal justerast.

Det bør inn i lovforslaget at ein ved utanbygds gravlegging ikkje fritt kan velja kva gravplass ein vil nytta, men at gravplassforvaltninga i kommunen der gravlegginga skal finna stad kan avgjera det.

3. Fri grav i 20 år ved all gravlegging

Lovverket i dag seier at alle har rett til fri grav i 20 år i eigen kommune, men dersom ein nyttar festa grav misser ein retten til fri grav. Det er ofte vanskeleg å forklara forskjellen mellom ei fri og ei festa grav, og det vil vera ønskeleg med ei likestilling om ein vel det eine eller andre. Ei ny ordning vil føra til ein del utfordringar administrativt når det gjeld forvaltning av familiegravstader. Bortfall av avgifter vil føra til reduserte inntekter til gravplassforvaltninga det gis kompensasjon for.

4. Endring i forvaltningsoppgåver

Utvalet foreslår at Fylkesmannen overtar bispedømmerådet si rolle som godkjenningsmyndigheit og klageinstans. Suldal kyrkjeleg fellestråd støttar dette forslaget.

5. Spreiing av oske

Utvalet foreslår at den lokale gravplassforvaltninga får ansvaret for å behandla søknader om oskespreiing. Dersom dette skal gjerast lokalt, må det utarbeidast eit tydeleg regelverk for godkjenning, stad for oskespreiing og dokumentasjon på at det er utført.


6. Økonomi

Utvalet meiner at ei rekke avgifter på gravferdsområdet i dag skaper ulikhet, og utvalet foreslår regelendringar og andre tiltak som skal gi meir forutsigbare løysingar for brukarane av gravferdsteinestene. Desse endringane som er foreslått vil føra til auka

utgifter for fellesråda og slå ulikt ut frå fellesråd til fellesråd. Dette bør kompensert økonomisk frå staten slik at det ikkje blir for ulik belastning på enkelte fellesråd. Suldal kyrkjeleg fellesråd er samd i vurderinga ovafor når det gjeld økonomisk kompensasjon for at det ikkje skal bli for ulik belastning på enkelte fellesråd.

Med helsing

Anne Margrete Høie
leiar


Anne Marit Øvstebo
kyrkjeverje